

## **KLAGERETT**

Ein part eller annan med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Klagen skal stillast til Fylkesmannen i Vestland og sendast til Førde kommune, Postboks 338, 6802 FØRDE. Førde kommune gjer ei ny vurdering av saka før klagen vert sendt til Fylkesmannen.

## **KLAGEFRIST**

Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan utløp av fristen. Dersom du klagar for seint, kan vi sjå bort frå klagen. Du kan søke om å få forlenga fristen, grunngjeving for ønskje må gå fram av søknaden.

## **INNHALDET I KLAGEN**

I klagen må det komme fram kva vedtak det vert klaga på - oppgje saksnummer, årsaka til klagen, den eller dei endringane som er ønska og eventuelle andre opplysningar som kan vere avgjerande for vurderinga av klaga. Klagen må innehalde klagaren sitt namn og adresse, og den må vere underskriven.

## **UTSETTING AV VEDTAKET**

Sjølv om du har klagerett, kan vedtaket normalt gjennomførast straks. Du kan søke om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er handsama ferdig (søke oppsettande verknad). Send grunngjeven søknad til Førde kommune. Førde kommune sin avgjerd om oppsettande verknad kan ikkje klagast på, men du kan sjølv bringe spørsmålet om oppsettande verknad for fylkesmannen til ny vurdering.

## **RETT TIL Å SJÅ IGJENNOM SAKSDOKUMENT OG TIL Å KREVJE RETTLEIING**

Med visse avgrensingar har du rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette følgjer av forvaltningslova §§ 18 og 19. Du må i tilfelle ta kontakt med den aktuelle eininga i Førde kommune. Du vil då få nærmare rettleiing om tilgangen til å klage, om framgangsmåten og om reglane om sakshandsaminga.

## **KOSTNADER VED OMGJERING AV VEDTAK**

Når eit vedtak som følgjer av klage vert endra til gunst for ein part, kan parten krevje dekning for vesentlege kostnader som har vore naudsynt for å få vedtaket endra, jf. forvaltningslova § 36. Kravet må setjast fram for kommunen seinast 3 veker etter at du har motteke det nye vedtaket.

*Du kan også søkje om å få dekka utgifter til naudsynt advokathjelp etter reglane om fritt rettsråd. Det gjeld visse inntekts- og formuegrenser. Din advokat kan gje nærmare opplysningar om dette.*